Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 — Fylke: Troms

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Berg

Emne: Vannkeraring — Bygdelag: Bergsfjorden

Oppskr. av: Edna Storeng — Gard: Bergsbotn

(adresse): Bergsbotn — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eg har budd i bygda i 26 år og snakka med gamle folk.

SVAR

1. Folk her, som ikkje har lagt inn vatn, ber vatn i bøtter. Dei bruker då vanleg bårtre.

Bårtreet er laga av bjørk. Det ligg noko skrått over akslene.

Dei fleste her på garden har vatn lagt inn i fjøset. Dersom springet t. d. frys om vinteren, kjører dei vatn frå elva, dersom det då ikkje fins vatn så nær at dei kan bera i bøtter.

Dei bruker då vanleg slede med ei tynne fastsurra.

Gamle folk fortel at dei bar vatn i trebøtter og hadde skinnreimer og jarnkrokar (også trekrokar) i bårtreet. Folk kjøpte bøtter og bårtre på „martnan" i Harstad ~~eller~~ Stokmarknes eller Kabelvåg.

Ranværingane kom nordover med store „slager" med båter og trevarer av alle slag.